



Saksframlegg

Mindre endring reguleringsplan for Moghusfeltet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Samla saksprotokoll - Mindre endring reguleringsplan for Moghusfeltet

Bakgrunn for saka:

Hovudutval for plan og miljø behandla på møte 09.09.2025 sak 30/25 forslag til mindre endring av reguleringsføresegnene til Reguleringsplan for Moghusfeltet. Bakgrunnen for forslaget til endring var at ein vart merksam på at det i feltet kunn var tillate med saltak med takvinkel på 25°.

Hovud utvalet vedtok og legge forslag til endra føresegn ut på høyring.
7.3.1 c) *Busetnaden skal ha takvinkel mellom 10°-32°.*

Høyringsfristen vart sett til 22.10.2025

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for attraktive bustadområder.

Forlaget til endra føresegn 7.3.1 c) har no vore ute på høyring. Innan høyringsfristen som var 22.10.2025 har det ikkje kome nokon innspel til endringsforslaget.

Konklusjon:

Endring av føresegn 7.3.1 c) i reguleringsplan for Moghusfeltet kan vedtakast slik den var framlagt til høyring.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Føresegn 7.3.1 c) i reguleringsplan for Moghusfeltet endrast til denne ordlyden: *Busetnaden skal ha takvinkel mellom 10° og 32°.*

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør